

MØTEPROTOKOLL

Utvalg: Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 12.10.2020
Møtets varighet: 10:00 – 14:00
Sted: Storhornet, adm.bygget ved Ålesund sjukehus
Saksnr.: BU86/2020 – BU95/2020
Arkivsak: 2020/13050

Møteleiar: Paula Næss Skår

Møtande medlemmer:

Ann Helene Skare
Atle Tangen
Janne Remøy Endresen
Anne Grete Mogstad
Jakob Strand
Asle Giske
Asbjørn Ringdal Gausdal (Skype)
Daniel Ask

Fra administrasjonen møtte:

Administrasjonsrådgiver Marianne Gravem (referent)

Andre:

Øyvind Bakke, adm.dir. under orientering frå adm.dir. (Skype)

Forfall:

Ingen

BU73/2020 Godkjenning av innkalling og saksliste

BU86/2020 Godkjenning av innkalling og saksliste

Det settast opp to referatsaker til, brev frå Bunadsgeriljaen og uttale frå Smøla Arbeiderparti som leiar av brukarutvalet har motteken. I tillegg settast opp ein sak til om brukarutvalet sin høyringsuttale til revidert samhandlingsavtale.

Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner innkalling og saksliste med dei tilføyningane nemnt over.

BU87/2020 Orientering frå administrerande direktør

Adm. direktør Øyvind Bakke orienterte om styresakene som skal til behandling kommande onsdag. Dette er blant anna status fødetilbodet i Nordmøre og Romsdal, statusrapport, videokonsultasjonar og justert innhald i SNR Kristiansund.

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringa frå adm. direktør til vitende.

Mange pasientar ønskjer digitale konsultasjonar både i kommunehelsetenesta og i spesialisthelsetenesta, mellom anna for å unngå lange reiser. Brukarutvalet forventar at helseføretaket arbeider aktivt for å styrke bruk av digitale konsultasjonar der det er hensiktsmessig. Auka bruk av videokonsultasjonar vil også vere positivt for økonomien i helseføretaket. Brukarutvalet vil følgje opp saka.

BU88/2020 Oppnemning av representantar i råd/utval

Kvalitet- og pasientsikkerheitsutvalet (KPU) i Helse Møre og Romsdal ønskjer ein brukarrepresentant i arbeidsutvalet til KPU, AKPU. Ingrid Løset er spurt om å sitje i dette utvalet.

Vedtak:

Brukarutvalet utnemner Ingrid Løset til representant i AKPU. Astrid Stranden er hennes vara.

BU89/2020

Referatsaker (utan saksframlegg)

- Protokoll RBU HMN 21.09.2020
- Protokoll styremøte HMR 15.09.2020
- Protokoll styremøte HMR 30.09.2020
- Protokoll Overordna samhandlingsutval 09.09.2020
- Brev frå bunadsgeriljaen
- Uttale frå Smøla Arbeiderparti

BU90/2020 Representasjon i råd og utval – munnleg orientering

Brukarutvalet etterspør aktivitet i dei ulike klinikkane då ikkje alle brukarrepresentantar opplever at det er møteaktivitet i fleire råd og utval i helseføretaket. Sekretær avklarar med sekretariatet korleis vi kan sikre at informasjon om brukarmedverknad kjem fram til aktuelle leiarar.

Paula Næss Skår	<ul style="list-style-type: none">• Styremøte HMR 15.09.2020• Styreseminar HMR 16.09.2020• Samarbeidsmøter med kommunane• Lokalt samhandlingsutval Molde• AU i brukarutvalet• SNR Brukerutvalg – 02.10.2020
Ann Helene Skare	<ul style="list-style-type: none">• Styreseminar, styremøte – Geiranger 15.-16.09.2020• OU SNR, kreft/rehabavdeling, skype 21.09.2020• Kvalitetsråd kreft/rehabavdeling, skype 24.09.2020• Webinar klagebehandling 24.09.2020• OU SNR kreft/rehabavdeling, skype 28.09.2020• AU brukerutvalg – Molde 29.09.2020• Barneblikk - Vestnes 29.09.2020• SNR brukerutvalg – Hjelset 02.10.2020• Barneblikk – Ålesund 06.10.2020• Arbgruppe uttale samarbeidsavtalen - skype 07.10.2020
Janne Remøy Endresen	<ul style="list-style-type: none">• HABU/HAVO 21.09.2020• HABU/HAVO 30.09.2020
Anne Grete Mogstad	<ul style="list-style-type: none">• SNR Brukerutvalg 02.10.2020
Daniel Ask	<ul style="list-style-type: none">• Arbeidsgruppa omorganisering av prestetjenesten: 21.09.2020 og 06.10.2020• Helseplattformen: 29.09, 30.09. og 01.10.• Lansering av filmen "Hva er viktig for Daniel?": 16.09.• Ressursgruppa eldre multisjuka: 30.09.
Atle Tangen	<ul style="list-style-type: none">• SNR brukerutvalg - 02.10.2020
Asle Giske	<ul style="list-style-type: none">• Arbgruppe uttale samarbeidsavtalen - skype 07.10.2020
Asbjørn R. Gausdal	<ul style="list-style-type: none">• Lokalt samhandlingsutval Volda, 18.09.2020

BU91/2020 Styresak – statusrapport 2. tertial 2020

Brukarutvalet fekk ei kort orientering av administrerande direktør om statusrapporten. Tala for september er også gode.

Forslag til vedtak i styret:

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek statusrapport for 2. tertial 2020 til vitende.

Vedtak:

Brukarutvalet tek statusrapporten for 2. tertial 2020 til vitende.

Brukarutvalet er bekymra for lang ventetid.

Brukarutvalet har merka seg ei sterk auke i tal på utskrivingsklare pasientar i sjukehusa. Vi ber om å bli orientert om korleis helseføretaket arbeider for å få dette talet ned.

Brukarutvalet ønskjer å bli orientert om status på bruken av tvang i helseføretaket.

BU92/2020 Styresak Justert innhald i SNR Kristiansund

Forslag til vedtak i styret:

- 1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringa om justert innhald knytt til dei somatiske spesialisthelsetenestene i SNR Kristiansund til vitande.*
- 2. Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber adm. direktør primo 2021 kome tilbake med ei eiga sak som omhandlar flytting av BUP og vaksenpsykiatrisk poliklinikk til SNR Kristiansund.*

Vedtak:

Brukarutvalet støttar forslag til vedtak i styret.

BU93/2020 Høyringsuttale frå Brukarutvalet – revidert samhandlingsavtale

Brukarutvalet er invitert til å kome med ein høyringsuttale knytt til utkast revidert samhandlingsavtale for Møre og Romsdal. Brukarutvalet fekk ein presentasjon av arbeidet av samhandlingssjef på førre brukarutvalsmøte. Ei arbeidsgruppe har sidan førre møte utarbeidd eit forslag til høyringsuttale som brukarutvalet kan slutte seg til.

Ann Helene Skare leste opp forslaget til høyringsuttale frå brukarutvalet.

Vedtak:

Brukarutvalet støttar utkastet til høyringsuttale frå brukarutvalet.

Sekretær for brukarutvalet sett uttalen inn i brevform og sendar til samhandlingsavdelinga.

BU94/2020 Gjennomgang av handlingsplana til Brukarutvalet

Brukarutvalet hadde ein gjennomgang av sin vedtekne handlingsplan 2020-2021 og gjorde naudsynte justeringar i tidsplan og prioriteringar. Handlingsplana skal vere eit dynamisk dokument der ein kan justere prioriteringar og tiltak etter kva som er aktuelle saker for tida.

Brukarutvalet har også lagt merke til styret i Helse Møre og Romsdal sin eigenevaluering som blei publisert førre veke og noterer seg dei fire forbetningspunkt og to bevaringspunkt styret har satt seg.

Justert handlingsplan leggest ut på brukarutvalet sine sider på HMR-nettsidene [HER](#).

BU95/2020 Godkjenning av møteprotokoll 08/2020

Vedtak:

Brukarutvalet godkjenner protokoll 08/2020 frå 12.10.2020.

Ålesund, 12.10.2020

Paula Næss Skår

Ann Helene Skare

Janne Remøy Endresen

Atle Tangen

Daniel Ask

Anne Grete Mogstad

Asle John Giske

Jakob Strand

Asbjørn R. Gausdal
